



Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/4729 - 21/43956

Saksbehandlar:  
Lennart Falkenberg-Arell  
lennart.falkenberg-  
arell@alver.kommune.no

Dato:  
22.06.2021

## **Stadfesting av mottatt brev med krav om politisk handsaming**

Viser til ditt brev registrert 21.6.2021 i sak 21/4729. Alver kommune avviste 26.5.2021 planinitiativet om planendring av reguleringsplan for Solbakken del av gnr. 173 bnr. 3, planID 1263-200103. I avvisinga vart det informert om at avgjerda ikkje kan klagast på, men at forslagsstillar kan krevja å få lagt fram planinitiativet til kommunestyret for endeleg handsaming. Ordlyden i ditt brev datert 21.6.2021 er utforma som ein klage, noko plan- og bygningslova § 12-8 andre ledd ikkje opnar for på dette stadiet i planprosessa. Alver kommune vurderer likevel at intensjonen i ditt brev er å få lagt fram planinitiativet for politisk handsaming. Saka vert meldt opp til handsaming i utval for areal, plan og miljø i møte 1.9.2021 og i kommunestyre sitt møte 16.9.2021. Ditt ynskje om at det vert haldt synfaring på staden vert vidareformidla til APM og kommunestyret.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Lennart Falkenberg-Arell  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*